



Svein Arild Valaker  
Mykingvegen 253  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6152 - 14/18945

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
21.08.2014

## Gbnr209/1 Høyland. Godkjenning av søknad om deling av bustadtomt.

Eigedom: gnr. 209 bnr.1 Høyland  
Adresse for eiged.: Mykingvegen 253, Eikangervåg  
Type tiltak: Frådeling av ein tomt til bustadføre mål  
Heimelshavar: Svein Arils Valaker  
Søker: Svein Arils Valaker

### Saka gjeld:

I delegert sak 24.09.2012, fekk søker løyve til å skilje ut to bustadtomter kvar på inntil 2da. Tomtene var plassert i eit område for fortetting som i gjeldande plan ligg på eigdommen. Søknaden no gjeld løyve til å flytte den eine av desse to tomtene til ein annan plass innafor området som er sett av til fortetting. Den nye tomte skal plasserast slik det er synt i vedlegg 2 til søknad stempla motteke 19.08.2014.

### Planstatus:

For eigdommen gjeld kommuneplanen for Lindås 2011-2023, med føresegner for LNF-spreidd bustadområde. Det er løyve til å dele frå 3 tomter i perioden. Det er alt gjeve løyve til tre tomter. To av desse er plassert og målt opp – 209/43 og 209/44. Den tredje tomte er enno ikkje målt opp, og det er denne tomte ein no vil flytte til ein annan stad. Talet på tomter vert framleis 3 og i samsvar med gjeldande plan. Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon for denne søknaden.

Tomte ligg i område som er godkjend for fortetting. Området er ikkje jordbruk. Deling etter jordlova §12 er ikkje naudsynt.

### Tilkomst/ vassforsyning og avløp:

Det ligg føre godkjenning frå Vegvesenet for utkøyring for inntil tre bustadeiningar, og løyve til utslepp for inntil 5 einingar. Søker har alt gjennomført arbeidet med å utbetre vegen og føre fram vatten og avløp.

### Uttale frå andre mynde:

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde, då tiltaket er i samsvar med godkjende planar.



**VEDTAK:**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jamfør §26-1, gjev Lindås kommune løyve til frådelling av areal til bustadføremaal frå gnr.209 bnr.1 slik det er søkt om og synt på kart merkt vedlegg 2 i søknad motteke i kommunen 19.08.2014.

Tomta må få tinglyste rettar knytt til veg, vatn og avløp.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Tomta som vert delt frå er stor nok og har ein høveleg form. Det er veg fram og det er gjeve løyve til utslepp og avkøyrslø. Deling er i samsvar med gjeldande arealplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad om deling i uregulert område, byggetomt kr.7400,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**  
Svein Arild Valaker

Mykingvegen 253 5913

EIKANGERVÅG